Mykje fint og utvida opningstider hos Gros Blomster. 13.12.2017

Inne i butikken er det så julevakkert at det ikkje kan gjengjevast på eit mobilfoto.

Blomsterbutikken midt i sentrum lyser verkeleg opp både i jultida og elles i året. I den mørke førjulstida pyntar den ekstra opp der den ligg like ved den store staselege julegrana vår. Ein kan verkeleg ikkje unngå å koma i julestemning når ein passerer sentrum av bygda vår.

Mykje veldig vakker gravpynt.

Då eg var innom butikken ved opningstid i dag var Gro Myklebust i sving med å klippa til granbar til bruk i juledorasjonar. Inne i bakrommet i butikken var dei to faste blomedekoratørane i full sving med å produsera meir julefint. Rundt dei var det eit stort utval både i juleblomar, juledekorasjonar og mykje anna fint.

Det er ekstra travle tider i den populære blomebutikken no før jul. Derfor har dei utvida opningstidene. Dei er no slik:

- Fredag 15.12.: kl.9-18.
- Lørdag 16.12.: kl.9-16.
- Søndag 17.12.: kl.14-18.
- Mandag 18.12.-fredag 22.12.: kl.9-18.
- Lørdag 23.12.:kl.9-16.

Gro fortel at denne veka vert dei 3 faste på jobb medan det vert ekstra mannskap siste veka. Ho oppfordrar folk til å vera tidleg ute, for etter som jula nærmar seg vert det veldig mykje folk. Dessutan er det alltid greitt for folk å vita kva dei har før jula er der. Kundane kjem frå heile Kvinnherad som elles i året.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland